

Visitaforedrag, Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn.

November 2022.

Kjærleikens ferjereiser!

Takk for ei flott visitasveke!

Det har skjedd så mykje fint dei dagane me har vore her.

Eg kjenner på glede og takksemnd for alle dei flotte medarbeidarane me har fått treffa.

Tittelen biskop kjem frå eit gresk ord: *episkopos*. Det betyr «ein som ser på noko».

Når eg er på visitas, kjem eg for å sjå kyrkjelydane, ha tilsyn.

Eg har sett mykje som er fint og viktig her!

Paulus skriv til kyrkjelyden i Korint; «*Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap ...* og mykje meir. Det er lett å sjå frukter av Anden her i dei flotte fellesskapa i Sjernarøy, Hesby og Talgje sokn.

Visitaprogrammet

Me kom hit tysdag. Allereie då blei me merksame på at ferjetidspunkt er noko som har mykje å seia for livet her. De er mange øyer med fleire gudstenestestader. Berre desse ytre rammene har mykje å seia for aktiviteten i sokna.

Første ferjetur gjekk til Eidssund. Me var med på føremiddagstreff i Ombo grendehus og kjente på glede over å få vera med denne dagen. Treffet er ein viktig møteplass, eit trygt og fint fellesskap der ein kan invitera med seg fleire. Det er flott at de får til to føremiddagstreff pr. semester, på tre stedar.

Møtet med staben på kyrkjelydskontoret viste at det er god grunn til å vera stolte og takksame for dei som arbeider i kyrkjene her. Her er det mange små og store stillingar, flotte menneske som er glade i Jesus, glade i kyrkja og som gjer mykje for å leggja til rette for kristne fellesskap i kyrkjelydane.

Det er ei utfordring at stillingane er små. Mykje arbeidstid blir brukt til å koordinera arrangement for tre sokn, passa på at det som skjer passar med ferjetider og andre planar på kryss og tvers. Tid til felles stabsmøte og planleggingsmøte blir det lite av. Det kan verka som eit lite mirakel at de får alt til å gå rundt, men det som ligg bak er mellom anna ein flott jobb frå dagleg leiar. Det er også flott å sjå at dei tilsette tek omsyn til det som er spesielt for kvart sokn.

Frivillighet og diakoni

Seinare på dagen, saman med kyrkjevevja, møtte me kommunedelsutvalet på Innbyggjartorget over ei nydeleg suppe. Me fekk ein viktig samtale om kyrkja, om kva som skjer og kva det er behov for. Det er frivillighetsår i år, og i kyrkjene her er det mykje frivillig arbeid! Frivillige gjer det mogleg å nå ut med kyrkja si tru og verdiane våre. På øyene her skjer det mykje for alle aldersgrupper. Det er stor glede over at så mange bidrar. Mange blir med på det kyrkja inviterer til. Kanskje vil enno fleire vera med og hjelpa til om dei blir spurte?

Kyrkja i Finnøy har fått nye ressursar til diakonstilling. Det er fantastisk.

Diakoni handlar om å vera tenar. Kyrkja er den største aktøren i sivilsamfunnet i Noreg, sjølv om me ikkje lenger er ei statskyrkje. Me må ta på alvor at mange treng oss. Kyrkje er ekte nærvær og diakoni, og i diakonien kan me sjå det som tru og forkynning handlar om. Takk til kyrkjeleg fellesråd og politikarar for arbeid med å gje ressursar med å styrka diakonien her på øyene!

Kyrkje-skule, sjukeheim og konfirmantar

Onsdag møtte me to engasjerte skuleleiarar. Det er godt samarbeid mellom skulane og kyrkja: hausttakkefest, julegudstenester, vandringar m.m. Gode tradisjonar som fungerer godt.

Eg er opptatt av at det skal vera ryddige forhold mellom skule og kyrkje. Det opplever eg at det er her. Samarbeidet skal vera trygt og forutsigbart. Skulen skal ikkje forkynna, men det er viktig med samarbeid rundt tradisjonar, kultur og kunst. Dette ønsker skulen også. Kyrkja kan bidra til at me ikkje blir eit samfunn med religiøse analfabetar.

Kan det vera ein ide å formalisera dette i ein felles skule-kyrkje plan? Eg tenker då ein plan som viser kva som finst og kva det eventuelt kan bli meir samarbeid om, særleg når det gjeld kunst og kultur. Kyrkjene her er absolutt stader elevane bør få utforska, med tanke på kunst, kultur og historie.

Eg fekk også besøka fjerde trinn ved Finnøy skule. Eg fekk gode spørsmål frå elevane om små og store ting i livet.

Etter skulebesøket hadde me ei fin samling ved Finnøy sjukeheim.

Konfirmantane skal vera ei viktig gruppe i alle kyrkjelydar. På onsdag var me samla rundt forteljinga om den blinde Bartimeus og om kvifor me syng «Kyrie» i gudstenesta. «Herre, miskunne deg over oss!» Konfirmantane her tek del i gudstenester, nokre gongar med oppgåver dei har øvd inn på førehand. Det er ein flott måte å gjera det synleg at konfirmantane er medeigarar i gudstenesta.

Utsyn, sokneråd og speidarar

Utsyn misjonssenter er nyoppussa. Det fekk me sjå. Her møtte me sokneråda. Prost Tomas leia samtalen, der alle i råda fekk seia noko om kva dei synest er positivt med å vera ein del av kyrkja. Det blei ei lang liste: Diakoni, frivilligheit, flotte kyrkjer, gode fellesskap, glede over at kyrkja kan dela bodskapen med andre.

Det skjer mykje i kyrkja og på bedehusa. Korleis sørger ein for at alle veit kva som skjer? Er det en ide å laga ein felles plattform med informasjon om kor og kva for alle som bur her?

Eg synest sokneråda fortener ros for alt det gode arbeidet. De har brei kontaktflate. Nå arbeider de med frivilligheit. Heftet «Fri og villig» kan vera eit godt verktøy og til god hjelp i dette arbeidet. Erfaringa er at ein kan oppleva like mykje glede over å vera frivillig som ved å vera mottakar. Eg trur det er slik for mange av dykk.

Prost Tomas sa noko om å sjå. Sokneråda er leiarskap i kyrkjelydane, og ska sjå seg rundt etter kva som er mogleg. Kor ligg det moglegheiter for utvikling og vekst? Kva av det som finst kan veksa vidare? Dette fekk me ein god samtale om. Den kan gjerne halda fram!

Ei side av dette handlar også om å prioritera ressursar. Det blir ikkje rett å legga meir på folk som alt har meir enn nok, men me kan spørja oss kva me vil legga vekt på saman? Kanskje er det mogleg å koma lengre med å gjera noko annleis?

Onsdagen blei avslutta med speidarmøte. Me tok på oss yttertøyet og trengte gode lykter for å finne frem til speidarane ved Eggebøstemmen. I skikkeleg regnvær, men også måneskinn, fekk me høyra om speidarane si historie og dei flotte verdiane deira. Det er møte kvar veke, og de er heldige som har 17 leiarar som stiller opp for at barn kan få utvikla seg. Tenk at nokon ein gong kom og spurte soknerådet om å få starta! Slik blir det vekst av.

Fogn, Lauvsnes gartneri og trusopplæring

Torsdag morgon, igjen på farten mellom øyene. Denne gongen til Fogn. Me gjekk saman med skulebarn opp til Dagsturhytta. Frisk luft, mykje regn og god prat. Etterpå var det herleg å koma inn i Fogn kyrkje og kjenne lukta av nysteikte lappar og vaflar. Enno eit fellesskap med varme, latter og glede – og ein nydeleg minikonsert i det flotte kyrkjerommet med Bjørn Terje.

Ny ferje, denne gong til Lauvsnes gartneri. Både kyrkjer, menneske og tomatar treng godt stell for å veksa. Det blir god smak av godt arbeid, og å gje menneske mat er også eit kall. Me hadde ikkje blitt mette av berre åndeleg frukt.

Frukt av godt levde liv gjev velsigning. De har ein flott trusopplæringsplan. Alle årskull frem til barna blir vaksne inviterte til ulike tiltak, der målet er at alle skal få læra meir kristne tru og bli kjende med kyrkja si. Trusopplæring er det viktigaste verktøyet for kyrkjelydsutvikling me har! Det møter ikkje berre barna, men også foreldre og søsken, som blir med på gudstenester.

For den nye diakonstillinga er det viktig at de brukar tid på å finna ut kva dei viktigaste arbeidsområda skal vera. Diakonen treng også samarbeidspartnarar. Kven har lyst til å vera med på å styrka diakonien? Kanskje har nokon gode idear?

Kyrkjer og gravplassar

Nokon kallar kyrkjebygga for folkekyrkjesakramentet. Dei er trauste vitne om Gud og Guds kommunikasjon med menneske. Medlemsundersøkinga vår viser at det er viktig for svært mange at kyrkjene blir haldne ved like. De har eit perlekjede av kyrkjer, og fellesrådet leier ein styrka innsats for bygg og gravlundar.

Dei siste åra har det vore omfattande tilstandsvurderingar av kyrkjene. Dette gjev eit godt grunnlag for vidare arbeid. I Hesby er ein alt i gang med ei større restaurering, og meir kjem. Kommunen er kopla på, og Riksantikvaren har gjeve om lag 4 millionar til kyrkjene i Finnøy.

Tysdag rakk me å sjå Jørstad kyrkje frå 1928. Kyrkja er vakker og har eit kyrkjerom som inviterer både liten og stor. Me håpar på fornying for kjøkkenet og eit ordentleg toalett, så ho blir lettare å bruka til meir.

Middelalderkyrkjene er unike kulturskattar som forsvarar kostnadane det krev å ta vare på dei. Dei er viktige for livet i kyrkjelyden og for reiseliv og kulturopplevingar. Her ser me også at fellesrådet står for mykje godt arbeid, i møte med store behov.

Kveldsgudstenesta i Hesby tysdag tok på alvor at kyrkja taler til oss gjennom sansane. På Talgje fekk me sjå prest Terje gjera klar til øving for lysmesse der konfirmantane er med. Fogn kyrkje gjev eit nydeleg pusterom i både kvardag og helg. I dag opplever eg korleis den fargerike historia lever i Sjernarøy kyrkje.

Det er planlagt ei namna minnelund ved Hesby kyrkje. På Talgje kan det bli ei utviding av kyrkjegarden. Dette blir eit nytt og godt tilbod. Som gravplassforvaltar tener fellesrådet alle som bur i kommunen, slik kyrkja har gjort gjennom historia. Kyrkja viser stor evne til å tilpassa seg endringar og nye behov i vår tid.

Avslutning

Dette har vore gode dagar! Eg tek med meg ei glede over så mykje bra som skjer her, og som biskop som kjem på besøk er eg imponert over livet her på øyene. De har velfungerande kyrkjelydar som når breitt ut, gjennom små og store fellesskap, prega av vennlegheit og glede.

Ta vare på dei gode fruktene og ta vare på kvarandre! Slik kan begeistring for Jesus og engasjement for samfunnet sjå ut. Guds signing over dei vidare ferjereisene i kjærleik!